
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: 22. mai 2014 10:17
Til: 'pemo@akasia.no'
Kopi: 'torgeir.paulsen@lindas.kyrkja.no'
Emne: Søknad om løyve til tiltak på gnr 202/79 - trong for tilleggsinformasjon.

Saknr 14/4423.

Til Akasia v/ Per Sveinar Morsund
Kopi til tiltakshavar Lindås kyrkjelege fellesråd

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak – utviding av Hjelmås gravplass – gnr. 202/79.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er sett av til bygg og anlegg, jf plan- og bygninglova §11-7 nr 1, med føremål grav- og urnelund. I samsvar med føresegnene til kommuneplanen, punkt 1.1, skal desse areala inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 vert tillate. Det ligg ikkje føre reguleringsplan for området og tiltaket krev såleis dispensasjon frå kommuneplanen punkt 1.1 før tiltaket kan godkjennast.

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad, jf pbl § 19-1. Dispensasjonssøknaden skal som utgangspunkt nabovarslast, men kommunen vil kunne vurdera å gje fritak frå nabovarsling då tiltaket allereie er varsle og det ikkje ligg føre merknader, jf pbl § 21-3.

Med venleg helsing

*Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Areal- og miljøeininger
Lindås kommune*